

FAKULTET FOR HUMANIORA OG PEDAGOGIKK

Nynorsk

E K S A M E N

- Emnekode:** SK-101
- Emnenamn:** Skolebibliotekkunnskap 2: Barne- og ungdomslitteratur
- Dato:** 14.05.19
- Varighet:** 09.00 – 15.00 (seks timar)
- Sidetal inkl. framside:** 20 sider (oppgåvesett + vedlegg)
- Tillatne hjelpemiddel:** Norskplanen i *Kunnskapsløftet* (utdelt)
Ordliste eller ordbok i papirformat.
- Merknader:** Du skal svare på *anten* oppgåve 1 *eller* oppgåve 2 *eller* oppgåve 3
Målform er valfri.



Vel éi av dei følgjande tre oppgåvene:

Oppgåve 1

Gjer greie for viktige kriterium i vurdering av skjønnlitteratur for barn og unge. Gi så ei vurdering av romanen *Tonje Glimmerdal* av Maria Parr med utgangspunkt i dei kriteria du har trekt fram. Det vedlagde tekstutdraget frå romanen kan brukast som inspirasjon og eksempelmateriale.

Vedlegg 1: Utdrag frå: Maria Parr: *Tonje Glimmerdal* (2009)

Oppgåve 2

Grei ut om fenomenet lettlestbøker, og drøft begrepa «leselegheit», «lesbarheit» og «lesverdighet». Skriv til slutt ein kommentar til boka *Klassetjuven* av Bente Bratlund, der du kjem inn på dei tre nemnde begrepa. Det vedlagde tekstutdraget frå romanen kan brukast som inspirasjon og eksempelmateriale.

Vedlegg 2: Utdrag frå: Bente Bratlund: *Klassetjuven* (2014)

Oppgåve 3

Deltakarane i *Inn i teksten*-prosjekta framhevar den opplevinga lesaren har av teksten som det beste utgangspunktet for god litteraturundervisning. Sitat:

«Den mer tradisjonelle litteraturundervisningen er i større grad lærerstyrt på den måten at læreren eller læreboka stiller spørsmålene, og elevene svarer. Både lærere og elever har ved flere anledninger pekt på verdien av verktøy som utfordrer lesernes egne tanker, spørsmål og meninger knyttet til tekstene. [...] I evalueringssamtaler har elever på ulike klassetrinn gitt uttrykk for at det er morsomt og spennende å arbeide med tekster når de kan ta utgangspunkt i sin egen reaksjon og selv får stille spørsmålene.» (Fra boka *Inn i teksten – ut i livet*, s. 58)

Grei ut om fire arbeidsmåtar i litteraturundervisning som kan tenkast å vere «verktøy som utfordrer lesernes egne tanker, spørsmål og meninger knyttet til tekstene». Drøft verdien av kvar av dei arbeidsmåtane du trekkjer fram. Vel så ut éin av dei fire arbeidsmåtane, og peik på korleis han kan brukast i arbeid med Marit Kaldhols novelle «Til venstre, der hjartet er».

Vedlegg 3: Marit Kaldhol: «Til venstre, der hjartet er» (2006).

E K S A M E N

- Emnekode:** SK-101
- Emnenavn:** Skolebibliotekkunnskap 2: Barne- og ungdomslitteratur
- Dato:** 14.05.19
- Varighet:** 09.00 – 15.00 (seks timer)
- Antall sider
inkl. forside:** 20 sider (oppgavesett + vedlegg)
- Tillatte hjelpemidler:** Norskplanen i *Kunnskapsløftet* (utdelt)
Ordbok eller ordliste i papirformat
- Merknader:** Du skal svare på *enten* oppgave 1 *eller* oppgave 2 *eller* oppgave 3
Målform er valgfri.



Velg én av de følgende tre oppgavene:

Oppgave 1

Gjør rede for viktige kriterier i vurdering av skjønnlitteratur for barn og unge. Gi så en vurdering av romanen *Tonje Glimmerdal* av Maria Parr, med utgangspunkt i de kriteriene du har trukket fram. Det vedlagte tekstutdraget fra romanen kan brukes som inspirasjon og eksempelmateriale.

Vedlegg 1: Utdrag fra: Maria Parr: *Tonje Glimmerdal* (2009)

Oppgave 2

Grei ut om fenomenet lettlestbøker, og drøft begrepene «leselighet», «lesbarhet» og «lesverdighet». Skriv til slutt en kommentar til boka *Klassetjuven* av Bente Bratlund, der du kommer inn på de tre nevnte begrepene. Det vedlagte tekstutdraget fra romanen kan brukes som inspirasjon og eksempelmateriale

Vedlegg 2: Utdrag fra: Bente Bratlund: *Klassetjuven* (2014)

Oppgave 3

Deltakerne i *Inn i teksten*-prosjektene framhever leserens opplevelse av teksten som det beste utgangspunktet for god litteraturundervisning. Sitat:

«Den mer tradisjonelle litteraturundervisningen er i større grad lærerstyrt på den måten at læreren eller læreboka stiller spørsmålene, og elevene svarer. Både lærere og elever har ved flere anledninger pekt på verdien av verktøy som utfordrer lesernes egne tanker, spørsmål og meninger knyttet til tekstene. [...] I evalueringssamtaler har elever på ulike klassetrinn gitt uttrykk for at det er morsomt og spennende å arbeide med tekster når de kan ta utgangspunkt i sin egen reaksjon og selv får stille spørsmålene.» (Fra boka *Inn i teksten – ut i livet*, s. 58)

Grei ut om fire arbeidsmåter i litteraturundervisning som kan tenkes å være «verktøy som utfordrer lesernes egne tanker, spørsmål og meninger knyttet til tekstene». Drøft verdien av hver av de arbeidsmåtene du trekker fram. Velg så ut én av de fire arbeidsmåtene, og pek på hvordan den kan brukes i arbeid med Marit Kaldhols novelle «Til venstre, der hjartet er».

Vedlegg 3: «Til ventre, der hjartet er» (2006).

KAPITTEL 22

Der gamle Nils er full og seier noko sant

På veg heim frå skulen dagen etter går Tonje av bussen nede i bygda. Ho orkar ikkje kome heim. Ho vil ikkje sjå garden til Gunnvald som ikkje er garden til Gunnvald meir, og ho vil ikkje sjå flaggstonga som er utan hund på grunn av henne. Og ho vil aldri, aldri i heile sitt liv sjå Heidi meir.

Men kva skal ho ta seg til med her nede i bygda? Tonje står rett opp og ned og er motlaus, då ho brått får auge på gamle Nils. Han er ute og snurrekøyrrer med rullatoren sin. Ei stund vert Tonje ståande med hendene på ryggen og sjå på. Fyrst koyrrer Nils på flaggstonga utanfor den nedlagde kiosken. Så får han rullatoren i siget igjen og koyrrer slalåm bortover kaia. Tonje finn ut at det er best ho følgjer han heim, så han ikkje vasar seg utfor kaia og druknar på heile rapтусen sin.

– Kom, seier ho og tek Nils under armen.

– Han går av seg sjølv, klagar Nils og peikar på rullatoren.

Tonje går museskritt ved sida av den gamle mannen. Då dei kjem til isbordet, må dei ha seg ein pause.

– Er det sant at vesle Heidi har kome heim? spør Nils utydeleg.

Vesle og vesle, tenkjer Tonje, men ho nikkar. Hersens Heidi. Og så rullar det ut av henne, alt det forferdelege som har skjedd siste dagane. Det vert ei lang og endelaus jammerhistorie. Nils lyttar og nikkar og seier «hm». Han høyrer sikkert ikkje etter likevel, tenkjer Tonje. Men då ho er ferdig, fomlar han fram snusen sin og seier:

– Eg hugsar den dagen ho reiste.

Auga til Nils ser ikkje på Tonje eller på kaia lenger. Dei ser liksom innover og bakover til gamle dagar. Til den gongen for nesten tretti år sidan då Nils framleis koyrde lastebil og budde heime i huset sitt saman med Anna, og Gunnvald framleis hadde svart hår og var den sterkaste mannen i Glimmerdalen.

– Den dagen Heidi reiste, kom Gunnvald ned til meg, seier Nils, og stemma er ikkje så grautete lenger.

– Eg har aldri sett ein så fortvila mann, Tonje. Gunnvald var så glad i den dottera si at ingen kan skjønne det. Og stakkars Heidi, ho var så glad i Gunnvald ...

– Det var ho ikkje! Ho reiste frå han!

Tonje er like sint i stemma som Gunnvald var på sjukehuset. Nils smattar snusen på plass og ler ein kort latter.

– Det seier Gunnvald, ja. Men det er den forbaska Anna Zimmermann som er skuld i heile sulamitten, Tonje. Det var ho som henta Heidi. Som om ho var ein pakke, legg han til og harkar.

– Men Heidi vart med henne, seier Tonje like hardt.

Nils snur seg med mykje strev og set dei slørrete auga i henne:

– Har du aldri hatt lyst til å verte med mor di når ho reiser, vesle dunder?

Tonje kryp saman på benken.

Dei dagane, ja. Mamma som pakkar datamaskina og alle dei viktige papira ned i den vasstette raude veska. Hadebratjukegenseren som luktar hav. Pappa, som står i dørhølet saman med Måse-Geir og er forelska. Det nydusja håret til mamma som rekk heilt ned til der ryggen sluttar. Tonje lurar alltid på korleis det er ved havet der mamma skal pakke opp alle tinga igjen. I ei lita hytte. Eller på ein stor båt. Og ho lurar på kor lang tid det går før pappa begynner å gle seg til mamma skal kome heim i staden for å sørkje over at ho har reist. Tonje kunne aldri reist frå pappa. Eller? Viss mamma hadde spurt? Viss mamma hadde spurt om Tonje ville vere med til havet ein tur? Hadde ikkje Tonje vorte med henne då, så ho slapp å gå her og vere morlaus heile tida?

– Kanskje, seier Tonje og ser ulukkeleg på gamle Nils.

– Vaksne gjer mykje dumt, Tonje, det skulle jammen eg vite, her eg sit og er full ein tysdag føremiddag.

Han ristar på hovudet over seg sjølv.

– Men det er ein viktig ting:

Han snur seg mot henne.

– *Det er aldri barna sin feil.*

Nils bankar fingeren ned i kneet på Tonje då han seier det, som om han vil stemple orda inn i henne: Det er – *aldri* – barna – sin – feil.

– Kva er det som aldri er barna sin feil? spør Tonje andelaust.

– Alt. Alt det galne vaksne gjer.

Nils er heilt skråsikker i stemma.

Dei sit stille ei lang stund. Måssane skrik rundt dei, og bølgiene klukkar under kaia.

– Og det har Gunnvald aldri fått inn i det tjukke hovudet sitt, mumlar Nils til slutt. – Heidi var berre jentungen den gongen.

– Men ho vart no med, seier Tonje igjen, spakare.

– Kva skulle ho gjere, då? spør Nils. – Heidi var eit råskinn på fele. Ho spela fletta av far sin. Då Anna Zimmermann oppdaga det, berre bestemte ho at Heidi skulle kome til Tyskland og lære seg det skikkeleg. Spør heller

Gunnvald om han nokon gong ringde til dotter si etter at ho reiste. Eller om han sende henne brev, eller om han besøkte henne. Spør Gunnvald om det, du, Tonje.

Tonje kryp endå meir saman på benken.

– Gjorde han?

– Spør Gunnvald, snøvlar Nils.

Tonje tenkjer på den gongen Gunnvald kasta ein stol i veggjen fordi onkel spurde om Heidi nokon gong kom att.

– No har eg visst sagt for mykje. Du får følgje meg heim, elles kjem lille, vakre Anna til å slå meg i hovudet med eit kjevlø, mumlar Nils og gnir seg bekymra over skallen og spyttar ut snusen.



Tonje er svært tankefull då ho har levert Nils på tryggdebustadane, og subbar framover mot Glimmerdalen igjen. Men ho vert rykt ut av tankane av Theo. Han står utanfor frisersalongen sin og røyker.

– Har ikkje du slutta å røyke? spør Tonje strengt.

– Jau, seier Theo. – Men kvalpane til Metis tek livet av meg. Det er den bastarden til matros-Jon som er faren. Dei ser ikkje ut, nesten ropar han. – No begynner dei å vekse til og verte urolige.

Tonje orkar ikkje fleire problem. Og i alle fall ikkje

hundeproblem, men Theo dreg henne med seg inn i salongen.

– Der! Sjå! seier han.

Vesle, kvite Metis, utstillingshunden til Theo, ligg i ei stor korg, og rundt henne kravlar det fem mildt sagt underlege kvalpar. Tonje vil berre springe sin veg, men før ho veit ordet av det, står ho med ein av dei små, spraglete skapningane i hendene.

– Ta han! seier Theo. – Du skal få han, Tonje.

Tonje held kvalpen skrekkslagen ut frå seg. Han sprellar med beina i lause lufta og er pitteliren.

– Ta han, seier Theo.

– Eg vil ikkje!

Ho ser panisk på Theo, men i det han skal til å ta frå henne kvalpen igjen, trykker ho han inn til seg. Hjartet dundrar som ein traktor mot den vesle, mjuke kroppen.

– Jau, eg vil ha han, kviskrar ho. – Takk.

Frå Klassetjuven

vedlegg
2

Døra inn til klasserommet vårt står på gløtt.

– Døra var lukka då vi gjekk ut, kviskrar

Emma.

Det byrjar dunka i meg.

– Kanskje nokon er der inne, kviskrar Sjur.

– Tjuven, seier Henrik lågt.

Vi ser på kvarandre.

– Fly flyndra, seier Sjur.

– Hysj.

Emma legg fingeren over leppene igjen.

Sakte går vi mot døra.

Eg vågar nesten ikkje pusta.

Eg held i armen til Emma.

Det dunkar og dunkar i brystet.

Kva om det er tjuven som er der inne?

Kva om?

7

Emma går først mot døra.

Eg held fast i henne og følgjer rett etter.

Sjur og Henrik er like bak oss.

Det er berre ein ørliten gløtt på døra.

Emma legg auga tett inntil.

– Er det nokon der?

Sjur kviskrar.

Emma snur seg og minnar «hysj».

– Kven er det? kviskrar Henrik.

Han prøver å trengja seg fram.

Men eg er først.

Eg prøver å sjå kva som skjer der inne i klasserommet.

Då set eg ein rygg.

Nokon står bøygd over ein sekk.

– Min sekk, seier Sjur.

Han er også komen borttil og har auga inn til dørøpninga.

Han gløymmer å kviskra.

– Kven er det? spør Henrik igjen.

Eg greier ikkje sjå kven det er.

Den som er der inne, har gøymt seg under pulten til Sjur.

Eg bøyer meg og prøver å sjå meir.

Det dunkar i meg.

Henrik trengjer seg fram og dyttar døra opp.

– Kva gjer du med min sekk? ropar Sjur.

Han går inn i klasserommet og mot pulten sin.

Eit bleikt andler dukkar fram frå under pulten hans.

Sjur bråstoggar.

– Er du heilt idiot! ropar han høgt.

– Er det du som er tjuven? spør Henrik.
Begge står bom stille midt på golvet.

Emma og eg står også berre og glør.

Ingen av oss seier eit ord.

– Men, seier Emma.

Ho er tydeleg forvirra.

Eg er forvirra, eg også.

Det bleike andleret ser rett på oss.

– Du, seier Emma endeleg.

– Er det du?

8

Då går Emma rett over golvet.

Ho går bort og bøyer seg ned ved pulten til Sjur.

Ho haler fram personen som ligg der og prøver å gøyma seg.

Emma er heilt tydeleg rasande.

– Du strel, seier ho høgt.

Eg berre stirer på henne som Emma står og ristar.

Det er Silje.

Men?

Eg fattar det ikkje.

Er det Silje som er tjuven?

Silje har jo meir enn nokon andre i klassen.

Silje får jo alt ho vil ha.

Eg går bort, eg også.

Eg stiller meg rett framfor Silje.

– Kvifor stel du? spør eg.

Emma ristar og ristar i Silje.

– Du tok ringen min, seier ho. – Og mobiltelefonen til Henrik. Og pennen til

Hanna.

Ho ristar og ristar.

– Kva tok du hos Sjur? spør ho.

Emma er skikkeleg morsk.

– Ingen ting.

Silje grær no. Ho grær så ho hullkar.

– Komm med tinga våre, seier Emma.

Silje tørkar seg under nasen med handbaken.

Æsj, det ser ekkelt ut.

– Ja, seier ho.

Så hentar ho veska si og finn fram alt.

Telefonen til Henrik, ringen til Emma og pennen min. Til og med eit viskelær eg ikkje har merka at ho har tatt.

Silje gråt heile tida.

– Vil de seia det til nokon? spør ho lågt.
Vi ser på kvarandre.

– Kvifor gjorde du det? spør Emma.

– Eg veit ikkje.

Silje tørkar seg under nasen igjen.

Ho snufsar.

– Eg var så lei meg, seier ho så.

– Lei deg for kva?

Emma har sleppt taket i henne no.

– Mamma og pappa skal skiljast, seier ho.

Ho ser heilt annleis ut enn til vanleg. Det lyse håret heng i flokar. Andletet er fullt av røde flekkar.

Augo er røde av gråt.

– Stal du fordi mora di og faren din skal skiljast?

Sjur berre står og glør på Silje.

Silje nikkar.

– Du er sprø, seier Sjur.

Han ser sjokka ut.

Men Emma og eg ser på kvarandre.

Eg trur Emma tenkjer det same som eg.

– Jill, seier eg.

Emma nikkar.

– Ja, akkurat som Jill, seier ho.

– Hæ?

Sjur og Henrik glør på oss.

– Jill er vel ingen tjuv.

– Nei, seier Emma og eg i kor.

Igjen ser vi på kvarandre og flirer.

Henrik, Sjur og Silje står der og forstår ingen ting.

– Forklar du, seier Emma og nikkar til meg.

– Jill er dottera til kjærasten til mamma, seier eg.

Eg forklarer fordi Silje aldri har møtt Jill.

– Jill blei så fortvila då mora og faren skilde seg, at ho farga håret sitt knallgrønt.

– Og så fekk ho ring i nasen, seier Emma. Emma ser på Silje.

– I staden for grønt hår og ring i nasen så blei du tjuv, seier ho.

Silje ser ut som om ho skal til å gråta igjen.

– Men kvifor tok du berre våre ting? spør Emma.

Silje tørkar seg under augo.

– De har det alltid så kjekt. Det er alltid de fire saman.

– Skulle du hemna deg på oss fordi foreldra

dine skal skilja seg?

Emma gnir seg i øyro.

Silje ser ned.

– Det var dumt, seier ho.

– Ja, det var kjempedumt, seier Emma.

– Unnskyld.

Silje sturer ned i golvet.

Ho ser verkeleg lei seg ut.

– Greitt, seier Emma.

Ho har tatt på seg ringen igjen.

– Greitt, seier eg.

Eg har pennen i handa. Han er like heil.

Viskeléret også.

Henrik nøler.

Så nikkar han.

– Greitt.

– Kva skulle du ta hos meg? spør Sjur.

Han står med sekken sin framfor seg.

– Eg fann ingenting, seier Silje.

Ho ser på oss.

– Eg skal aldri meir gjera der.

– Lovar du?

Emma ser på henne.

– Kross på halsen?

– Kross på halsen og ti sverd i hjarta.

– Det er betre du fargar håret grønt, seier

Sjur.

Og så flirer vi alle.

I det same ringer det inn.

Vi finn pultane våre.

Vi sit der då dei andre kjem dumpande inn.

Enno greier eg ikkje heilt å forstå at det var
Silje som var tjuven.

At ho kunne finna på noko så dumt.

Så er det noko anna som byrjar surra i
tankane mine.

Eg greier ikkje følgja med.

Eg skriv ein lapp til Emma.

«Det er noko vi må gjera», skriv eg.
Emma snur seg mot meg.

– Kva? mimar ho.

Men læraren ser på oss, så eg prøver å
gøyma meg mens eg mimar tilbake.

– Skal seia det i friminuttet.

Handwritten notes at the top of the page.

Marit Kaldhol;

Til venstre, der hjartet er.

Frå: Kino (2006)

vedlegg 3

Til venstre, der hjartet er

Handa held den store saks. Ho klipper sakte.

Bildet fann ho i eit vekeblad og kjente seg straks igjen.

Eit myrlandskap, frostrøyk over gule ruer.

Små vassdammar, myrull som nikkar med kvite hovud.

Ein hegre står og ventar i utkanten av bildet.

Ho synest det er så fint. No klipper ho det ut.

Festar det på veggen med knappål.

Så trekker ho knea opp til seg og sir og ser på det.

Alt skrotet har ho stuva saman innt i skapet.

Farfur sine tøflar, han har ikkje bruk for dei lenger.

Det ingen har bruk for, der hamnar her.

Det er eit langt skap. Her er plass til henne òg.

Ei lommelykt står på golvet og lysar rett opp, lagar ein lysring i taket.

Ved sida av seg har ho ei eske med forskjellige småting i.

Ein oval, glatt stein, ein ring,

to kvite steinar frå singelen på kyrkjegarden,

ein blyant og ei gull notisbok.

Dei to steinane frå kyrkjegarden brukar ho å gni mot kvarandre for å få det til å gneistre.

Handwritten notes at the bottom of the page.

Viss ho slår av lommelykta

kan ho sjå den vesle lysgneisten inni hendene sine.

Det beste er den gode lukta. Ei varm lukt av bål.

Ho nyr den, pustrar den langsamt i seg.

Held den inni det vesle, mørke rommet mellom hendene.

Stikk nasen inn dit og pustrar i seg.

Det er så godt.

Ho seier det ikkje til nokon.

Mor og far veit ikkje korleis ho har det her inne.

Dei har aldri vore her.

Her er så lågt under taket, og dei orkar ikkje krype inn.

Dei synest det er vondt å bøye seg så veldig.

Når ho sit på skulen, sturer ho ned i pulten.

Ein som heiter Jim har ripa inn namnet sitt i plata.

Og grave ei grop der. Eit mørkt høl.

Kanskje han har brukt kniv.

Ho sturer ned i dette hòlet.

Ho veit ikkje kven Jim er,

men ho skulle ønskje han ikkje hadde gjort det.

Ho orkar ikkje sitte kvar dag og lese namnet hans.

Ho strevar for å styre blikket vekk frå det.

Helst legg ho ei bok eller pennaliet sitt over.

Men når dei er, er det ikkje så lett.

Då skal pulten vere rydda.

8

Og det er risikabelt å sette matboksen heilt ut på kanten der namnet er.

Jim står heilt øvst i det høgre hjørnet av pulpplata.

Det er akkurat som om namnet smiler.

Ho orkar ikkje sjå det.

Dei andre i klassen snakkar ikkje til Sara.

Dei går bare forbi pulten hennar utan å sjå henne.

Ho er usynleg.

Det gjer ingenting. Ho har skaper.

Når ho er på skulen, tenker ho at skapet saknar henne.

Skapet er einsamt når ho ikkje er der.

Dei andre roper. Kastar ting til kvarandre.

Spring, ler.

Sara spring ikkje.

Ho går roleg langs veggene i korridoren.

Ho vil ikkje rope.

Noko kunne smette ut.

Ord som ikkje skal ut, kunne finne på å lure seg ut.

Ord som bare høyrer til inne i hovudet.

Nei, rope gjer ho aldri.

Ein dag finn ho ei fjør på veggen.

Fjæra er lang og lysegrå.

Ho bøyer seg og plukkar henne opp.

Ser opp i luften over seg.

9

Fuglen som har misra fjøra er ikkje å sjå.
Fuglen la kanskje ikkje merke til at ho fall.
Men Sara vil passe godt på henne.
Fjøra skal ikkje sakne kroppen ho kom ifrå.
Forsiktig ber ho fjøra med seg heim.
Held henne inn til jakka, så ho ikkje skal ta skade.
Når Sara er inne i huset, går ho opp på rommet sitt,
opnar skapdøra og kryp inn.
No kan ho gjere det ho med ein gong visste
at ho ville.
Straks ho fekk auge på fjøra, visste ho det.
Hær inne kan ho gjere der.
Ho løftar fjøra mot ansiktet.
Legg henne mot munnen.
Det er mjukt.
Stryk henne over kinnnet. Det er stilt.
Held henne under nasen, luktrar. Det luktrar levande.
Ho kjenner ei røre.
Ein gong til dreg ho fjøra over munnen.
Ein gong til over kinnnet.
Fjøra klappar henne. Kjærtreikn på kjærtreikn.
Ho kjenner luktra av ein skapning som flyg.
Kjennet baksande vengeslag, kjennet den tunge
lengselen etter løftet i kroppen.
Mørket kjem av seg sjølv og kryp over henne.
Mørket er eir godt teppe.
No er ikkje skapet trist lenger.

Der vesle knepper i lommelykta er ei helsing.
Klikk, så er lysringen der i taker.
Så ser ho ringa sine. Ser fjøra i handa.
Ser fuglen i bildet.
Ho kan kvile seg i bildet. Ho kan
stikke ut tunga og slikke i seg nokre dropar frostøyk
viss ho vil. Kvile i skodda, for den er så mild.
Puste ut.
Myrullhovvuda pludrar stilt omkring henne.
Så veit ho kva ho vil skrive i notisboka.
Ho grip fast om blyanten, skriv
med langsamm løkkeskrift:
«Fann ei misra fjør i dag.
No er ikkje fjøra aleine lenger.»
Sara sit lenge.
Det er lyden av vann som minner henne på
at tida går.
Bare forsiktige små skvulp.
Vann som vaskar mot grastuer.
Ho ser at myrulla svarar på dei tyrne stilkane sine.
No oppdagar ho bølgiene.
Dei bryr seg bortover vassflåra i den største dammen.
Som om det var begynt å blåse opp.
Men det blæs ikkje, Sara veit det.
Det er nokon som kjem gåande i dammen.
Ho reiser seg på knæ. Ser innover i bildet.

Då får ho auge på han.
Og straks skjønar ho at ho må kome.
Han vinkar til henne med lange armar.
Vinkar henne til seg. Ho forstår.
Ho kjenner kor rett det er.
Som om noko drivande kvitt
har reist seg i kroppen.

Ho går mot han som vinkar.
Tuene gyngar under føtene hennar. Myra er gul.
Det varer ikkje lenge før ho er våt langr oppover
buksebeina.
Sara bryr seg ikkje om det.
Vatnet skvett opp omkring henne.
Ho vassar tvers gjennom den minste dammen,
forundra over kor grunn det er.
Då det bare er to-tre meter mellom dei, stransar ho.
Han vinkar ikkje lenger.
Han står i ro.
Sara står også.
Bølgjene trillar vekks, vassflata legg seg blank
rundt ankane deira.
Noko pustar. Det kan vere lufta sjølv, tenker Sara.
Ho har aldri sett ein så naken gut før.
Huda hans er kvit. Kroppen tynn.
Men handflatene er store og skuldrene breie.

Kvar skulder er ei kraftig kule.
Guten har langt, mørkt hår
som krøllar seg ned mot skuldrene.
Ho ser inn i ansiktet hans.
Augene er små, blå.
Sjølv om dei stirer rett på henne,
er ikkje Sara det minste redd.
Tvert om. Desse augene dreg henne inn til seg.
Dei er varme kyss, kjenner ho. Kjærløikn.
På håret hans ligg ørsmå vassdropar.

Dei to ser på kvarandre ei lang stund.
Det er fint, det hasrar ikkje med noko anna.
Men då guten rekker fram ei hand mot henne,
spør ho:
– Kvifor er du naken?
– Fordi eg er død.
Sara ser at han har fått hår rundt tissen.
Nattsvart hår.
Ho går nærare.
– Eg har med meg fjøra, seier Sara og syner han.
– Fint.
Så tar han henne i handa. Dei går vidare saman.
Sara kjenner at hendene deira er våte.
Guten legg hovudet litt på skeive og smiler til henne.
– Endeleg kom du, seier han.

Dei går forbi dei små vassdammane.

Dei går innover der myra sluttar.

Der der er fastare å gå, der det står lauvtre og ventar.

– Her.

Guten stransar.

Sara ser seg om etter hegren. Den er ikkje å sjå.

Guten smiler til henne. Han seier ingenting.

Men med hendene tar han til å kle av henne.

Først jakka og r-skjorta.

Kastar dei i lyngen.

Så den våre langbuksa. Trusa, sokkane.

Kastar alt. Bare ikkje føra.

Der er ikkje kaldt. Det er behageleg.

– Er det du som er Jim? spør Sara.

Han nikkar.

– Jimmy.

– Men du skreiv bare Jim.

– Fordi læraren kom og tok frå meg kniven.

Jimmy ler ein liten latter.

Så slår han armane omkring Sara

og held henne inn til seg.

Dei er like høge.

Sara kjærner lukta av håret hans.

Lukta av gneistar frå steinar

som blir gniddede mot kvarandre.

Ho lukkar augene

og borar ansikter inn i den mørke jungelen.

14

– No er eg ikkje redd deg lenger, mumlar ho
der inne i håret.

– Eg veit det, svarer Jimmy.

Sakte voggar han kroppen hennar
i takt med sin eigen.

Når det mørknar,

kjem ein liten vind og blæs vekt skodda.

Det mørknar og klarnar på same tid.

Eit svart fjell kjem til syne.

Sara visste ikkje om at det var eit fjell her.

Men no ser ho det.

Der står og er tungt og rolegs, slik fjell skal stå.

Teier, slik fjell skal teie.

Ho er glad for at Jimmy tok henne med hit.

Dei legg seg tett saman under eit tre.

– Endeleg kom du, seier Jimmy igjen.

– Ja, seier Sara.

Då høyrer dei ropa.

Først veldig svakt og langt bortefrå.

Så kjem dei nærare.

Dei roper på Sara.

Ho kjennet igjen mor si stemme.

Etter kvart blir det fleire stemmer.

Alle roper namnet hennar på kvar sine måtar.

Sara kjennet dei ikkje. Dei er framande for henne.

15

Bare mor si stemme kjenner ho.

Ho set seg opp, lyttar gjennom mørket.

– No leitast dei etter deg, seier Jimmy.

– Slik ropst dei på meg òg, fortel han.

– Korleis døde du?

– Eg drukna.

Sara vender seg mot han.

Løftast ei hand, stryk over panna

og gjennom håret hans.

– Du er så fin. Det er så fint å vere her

saman med deg.

Ho høyrer sjølv at ho kvistrar.

Ho kvistrar enda dei er heilt aleine.

Enda ingen kan finne dei.

– Men du skulle ikkje ha laga det stryge hølet
i pulten, seier ho.

– Det var ikkje eg, svarer Jimmy.

Då legg ho seg ned til han.

Ansiktet hans er rett inntil hennar.

Han kyssast munnen hennar igjen og igjen.

Ropingast gir seg ikkje.

Sara og Jimmy sovast, søv gjennom natta.

Men når morgonlyset kjem, er ropast der framleis.

Sara høyrer mor si stemme.

Høyrer at det er mor som ropst. Bare mor.

Dei går uti elva og vaskast seg.

Elvevatnet er friskt og klart.

Ho ser nedover kroppen sin.

Kor kvit han er i morgonlyset.

– Er eg òg død no?

Jimmy svarer ikkje.

Han går og set seg på ein stein.

Ristar vatn ut av håret.

Det lagast seg ein liten regnboge bak hovudet hans.

Så plukkast han opp fjøra.

Den lange fjøra som Sara kom med.

Ho ser at han stikk henne inn i brystet.

Festast henne i huden, litt til venstre, der hjartet er.

Det ser ikkje vondt ut.

Det er fint.

Jimmy smilast det skrå smilast sitt til henne.

Ho smur seg mot elva.

Ser seg atstende der ho kom ifrå.

Dei små vassdammane.

Myrulla, dei gule tuene.

Alt saman ligg der. Små perler i lufta.

Skodda kjem rullande. Kvit som mjølk.

Langt der bortanfor høyrer ho mor sine rop.

– Jimmy, begynnast ho. Men så får ho ikkje sagt meir,
for i det same skrik hegren så skarpt at ho skvrett.

Skrik og lettast med tunge vengeslag.

Flyg ut av bildet, sakte, skrått opp og ut.

– Jimmy!

Jimmy rører seg ikkje.

Den kvite kroppen i den kvite skoddå.

Sara stirer og stirer.

Bare så vidt ho ser han.

Bare så vidt ho hører mor sine rop.

Men ho hører dei. Dei er der einaste ho hører.

Så begynner føtene hennar å gå.